

Til Alver Kommune

Fra Flatøy Bygdelag

Flatøy 15.09.2022

Høyringsuttale til arbeidet med arealplan for Alver kommune

Sender med dette inn høyringsuttale fra Flatøy Bygdelag. Innspela gjeld Flatøy/Håøy med tilkomstvegar og omliggende sjøområde.

Kort introduksjon

Styret i Flatøy Bygdelag har nokre merknader/inngespel til Arealplanen som primært handlar om:

- Vegløysing
- Natur og friluftsliv
- «Samla Plan» for Flatøy
- Sjøområde, primært Flatøyosen

Flatøy ligg tett på (gang/sykkelavstand) både regionalsenteret Knarvik og lokalsenteret Frekhaug. Det er stort byggepress i området rundt desse sentra, med tilsvarende stor trafikk. Ny trafikkterminal er tenkt å avhjelpe trafikken lokalt på Flatøyvegen. Det er, etter arbeidet med Hjelten bru, spesielt eitt kryss på Flatøy som er trafikkfarleg.

Håøy/Midtmarka er Flatøy sitt primære område for Natur og Friluftsliv på land, og er nytta av heile regionen. Lokalt er området Flatøy Aust/Rotemyrane mykje nytta, og spesielt «Pensionistløypa» (mellan Flatøy Aust og Hagelsundbrua).

Flatøy er inkludert i mange reguleringsplanar, av varierande alder.

Det manglar ein samanhengande plan for øya, som kan ivareta videre utvikling av lokalsamfunnet. Spesielt området sør-aust for E39 trengs ein oppdatert plan for framtidig utvikling.

Flatøyosen er av mange omtala som «Indrefileten» i kommunen, med tanke på friluftsliv på sjø. Samtidig har dette sjøområdet ein dårlig miljøstatus. Det er viktig at Arealplanen sørger for å forbetra miljøstatus, og legge betre til rette for friluftslivet på sjø - i dette området spesielt.

Vegløysing

I plan for Midtmarka, og no plan for E39 er det konkret forslag om ny lokalveg over Flatøy, for å forbinde sentra Knarvik og Frekhaug. Vår meinig er at denne vegen ikkje er til nytte for kommunen. Kommunen må arbeide for å behalde dagens avkjøring sør på Flatøy, også ved 4 felts bru over Haglsundet. Ny lokalveg har ingen hensikt før det kjem 4-felts bru over Salhusfjorden.

Gjeldande gang- og sykkelveg, som for nokre år sidan (i arbeidet med midtdelar på E39) vart fremja som ein trygg og framtidsretta veg for mjuke trafikantar. Det er no konkrete planer om å endre denne med kryssing av bilveg, både for gåande og syklistar. Dagens løysing er utan kryssing av motorisert veg, og slik må også eventuelle endringar verta. Totalt skilje mellom mjuke trafikantar og biltrafikk må være eit minimumskrav.

Lokalvegen over Flatøy, frå krysset ved Hjelten Bru er i dårlig hald, og treng oppgradering. Same med vegen opp Solberget. Begge desse vegstubbane er til hinder for vidare utvikling av Flatøy.

Krysset Hjelten/Flatøyvegen er lite oversiktleg, trangt og därleg drenert, dermed trafikkfarleg. Her bør vegen oppgraderast frå sjølve krysset og ca. 20 meter opp Flatøyvegen.

Natur og friluftsliv

I samband med plan for Midtmarka blei det introdusert ein kyststi. Trase langs indre del av osen vil virke privatiserande i forhold til bruk av sjøen av båtfolk/kajakk. Om konseptet med kyststi skal videreførast i Arealplanen vil me foreslå at den for framtida planleggast mot Kvernavfjorden frå Skøytedammen og til Østra Eidavika. Det går ein sti over Fureberget med avstikk til Skjellevikane og vidare til Skøytedammen, der den går saman med den merka stien til Håøy.

Bygdelaget kan godt organisere ei felles «synfaring» med grunneigarar, bygdelag og kommunen med tanke på vidare detaljar. Det kan vere aktuelt å kombinere ein slik trase med skogsveg, som kan gi sti til Håøy med universell utforming. Håøy har allereie eit vegnett, som lett kan utbetraast til bruk for sykkel og rullestol.

Evt. kyststi må leggast slik at ein unngår ekstra trafikk og parkering på dagens eksisterande vegar på Flatøy (Hjelten og Djupavika). Me føreslår at den kan ta utgangspunkt i parkeringa som i dag er opparbeida ved «Norbetong».

Samla plan for Flatøy

Flatøy har sidan Frank Mohn etablerte seg på 1960-talet vore eit byggeområde, der det verserer mange reguleringsplanar. Desse planane er lite koordinerte, og delar av Flatøy manglar reguleringsplan.

Flatøy Bygdelag ønsker ein dialog med Alver kommune, gjerne med eit «folkemøte», der hensikta er å få ein betre samanheng i desse planane. Flatøy Bygdelag meiner det er viktig med ei betre samanheng i planane for framtidig veg-, bustad- og nærings-utvikling på Flatøy.

Sjøområde, primært Flatøyosen

På Flatøyosen er det i dag om lag 500 båtplassar, der dei fleste (rundt 400) er i marina på Littlebergen. I tillegg er det ein svært populær utfartsplass for fritidsbåtfolket frå nær og fjern, spesielt grunna god hamn, og friluftsområde på Håøy. I tillegg til medlemmar i lokale ro- og padleklubbar er det ein del andre padlarar som bruker området, spesielt grunna god beskyttelse mot ver og vind, samt den uberørte indre del av Flatøyosen.

Flatøyosen må ivaretakast med tanke på friluftsliv. Den er godt skjerma frå ver og vind, og mykje nytta for friluftsliv på sjø. Nordhordland Padleklubb og Kvernbit si Ro og padlegruppe har denne som primært øvingsområde.

Flatøyosen, inklusive strandlinje, må mest mogeleg verta spart for inngrep og avrenning. Vassmiljøet på Flatøyosen er dårleg, og ein må ikkje godkjenne tiltak som svekker miljøtilstanden.

Våre innspel her er:

- Indre del av osen må vere unntatt for motordrivne fartøy
- Ingen marina, bryggjeanlegg, ingen fast båtfortøyning på indre del av osen (unntatt eksisterande og evt. sjøsportsenter for umotorisert ferdsel).
- Minimum inngrep i strandlinja på indre del av osen, og heile Håøy.
- Fartsbegrensing (5 knop) for heile Flatøyosen, frå bru i Krossnes sund til forbi lykt i Håøysund. Det anbefalast at Kommunen arbeider med Bergen og omegn Havnevesen for å få dette realisert snarast.
- Betre hamneforhold i Håøy for fritidsbåtar vil bidra til å gjere osen meir attraktiv for båtfolket. Spesielt med nye sjøleidningar i Eidavika er ankring no vanskeleggjort. Tidlegare utlagt «Mooring» er i år fjerna, grunna manglande midlar for vedlikehald.

Kommunen har lagt ut leidningar i Eidavika, som også er til hinder for ankring. Kommunen må difor ta dette opp med eigar av Friluftsområdet og finne eit godt avbøtande tiltak slik at det kan fortøyast i Eidavika/Oldervika utan å komme i konflikt med nye sjøleidningar.

Med helsing

Anne C. Johannessen - leiar
på vegne av styret i Flatøy Bygdelag